# Radøy kommune

Teknisk drift

Kultur-og sørvistorget v/Bente K Hervik

| Referansar: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar:<br>Vår: 16/1894 - 16/13615 | Tore Rikstad<br>tore.rikstad@radoy.kommune.no | 27.10.2016 |

# Søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning klatrestativ Sæbø skule

Det vert søkt om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning på klatrestativ i planlagte nærmiljøanlegg ved Sæbø skule.

Balløkka  er tidlegare godkjent og det som no vert omsøkte er tre ulike klatrestativ med namna *«fuglerede, climbo-pyramide og klatreborg»* -alle sertifiserte etter leikeplassstandard DS/EN1176

Leikeapparata er planlagt plassert  på området på nordsida av skulen delvis på  skuleplass og delvis på friområdet som også vert nytta leikeområde, alt på kommunal grunn. For plassering og utforming sjå vedlagte situasjonskart og perspektivskisser.

**Arkitektur og miljøforhold**:

Leikeapparata vert plassert på allereie planerte områder med fallunderlag av gummiasfalt. Det vert såleis ingen terrenginngrep utover det som allereie er gjort i uteområdet. Ansvar for all montering og ferdigstilling vert utført av leverandør Unica AS.

**Plass i kommunal plan:**

Anlegget er med i den kommunale planen for idrett, friluftsliv og nærmiljø.

**Behovsoppgåve.**

Det er etablert ballbinge  og  balløkka frå før og mindre leikeapparat er også komen på plass, men behov for meir aktivitet er stort. Dei nye apparata vil auka aktivitetane til klatring, balansering og styrke og vil gi ytterlegare positive tilbod både til elevane og for barn som bur i nærområdet.

**Investering og drift**

**Post**
postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

**Kontakt**
Telefon  +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634

RADØY den grøne øya

Det er løyvd midlar til etablering og forskottering av tiltaket i årets investeringsbudsjett innafor ei kostnadsramme på kr. 400.000,- eks mva med frådrag av allereie etablerte balløkke på kr.73.300,- Kommunen har ansvar for drift og vedlikehald av klatrestativa

**Kostnadsoverslag:**

| | |
|---|---|
| Levert og montert etter velde tilbod frå Unica | Kr. 399.218,- eks mva / 499.023,- inkl mva |

**Finansiering:**

| | |
|---|---|
| Eigenfinasiering /forskottering: | Kr. 326.700,- eks mva / kr. 408.375,- inkl mva |
| Spelemidlar | Kr. 163.350,- eks mva / kr. 204.187,- inkl mva |
| Sum | kr. 399.218,- eks mva / kr. 499.023,- inkl mva |

Med helsing

Tore Rikstad

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
20161028101607

**Mottakarar:**
Kultur-og sørvistorget v/Bente K
Hervik